

Hordaland fylkeskommune
Postboks 7900
5020 BERGEN

Dykkar ref:

Vår ref:

2016/2919 - 20520/2016

Sakshandsamar:

Pål Iden 94839190

Dato:

14.09.2016

Høyring - Forslag til regional planstrategi 2016-2020 - Utviklingsplan for Hordaland

Vi syner til forslag til regional planstrategi som er på høyring med høyringsfrist 15.09.2016.

I planstrategien vert utfordringsbiletet for Hordaland fylke og vestlandsregionen lyfta fram på ein oversiktleg og systematisk måte.

Helse Vest finn det prisverdig at folkehelseperspektivet er trekt opp som eit rådande perspektiv for alt planarbeid i fylkeskommunen.

Heilskapstenking kring infrastruktur, arealdisponering og transport er viktig i eit samfunnstryggleiksperspektiv og er grunnleggjande for beredskapen, også den helsemessige beredskapen i regionen.

Av planane som under utarbeiding eller til revisjon, vil Helse Vest peike på *Regional plan for kompetanse og arbeidskraft* som ein plan der vi gjerne ynskjer å vere orientert.

Helse vest stiller seg gjerne til rådvelde for innspel dersom det er behov for dette i dei ulike planprosessane.

Vennleg helsing

Pål Iden
Assisterende fagdirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent

All elektronisk post til Helse Vest skal sendes til postmottak: post@helse-vest.no